

# Statens vegvesen

## Referat

**Dato:** 28.01.2022

**Tid:** 1000 –1200

**Referent:** Nils Inge Romarheim

**Saksbehandler:** Nils Inge Romarheim

**Tlf. saksbeh.** 906 59 309

**Vår dato:** 15.02.2022

## Møte i styringsgruppa for Bypakke Ålesund

|                    |   |
|--------------------|---|
| <b>Møtenr:</b>     | 1–2022  |
| <b>Stad:</b>       | Teams   |
| <b>Møteleiar:</b>  | Tore Johan Øvstebø  |
| <b>Til stades:</b> | <u>Styringsgruppe:</u><br>Tore Johan Øvstebø, Eva Vinje Aurdal, Øystein Tvedt, Kristin Sørheim, Anders Riise, Ove Nesje, Kjetil Strand. Vara: Vebjørn Krogsæter.<br><u>Sekretariatet:</u><br>Liv Kjersti Finholt, Torbjørn Vatnehol, Sunniva Ullavik Erstad, Nils Inge Romarheim.<br><u>Andre:</u><br>Ole Kristian Birkeland, Marius Maske, Kjetil Sporsem, Jøran Mentzoni Eilertsen, Olav Johannes Megrund, Marit Krekvik, Miroslav Vasilev. |
| <b>Forfall:</b>    | Fyll inn  |
| <b>Kopi til:</b>   | Carl Johansen.  |

| Punkt | Sak  | Ansvar / Frist |
|-------|--|----------------|
| 1     | <u>Innleiing ved leiar for styringsgruppa.</u><br><br>Tore Johan Øvstebø innleia møtet.<br><br>Det er viktig at handlingsprogrammet vert gjort kjend for politikarar lokalt og regionalt. Dette kan gjerast ved at handlingsprogrammet går som referatsak til kommunestyret og fylkestinget. |                |
| 2     | <u>Kollektivpunkt ved Ålesund sjukehus – Ny styringsramme.</u><br><br>Ole Kristian Birkeland la fram sak om ny styringsramme for kollektivknutepunktet ved Ålesund sjukehus. Det har vært gjennomført forhandlinger med helseforetaket om kostnadsdeling                                     |                |

| Punkt | Sak   | Ansvar / Frist |
|-------|---|----------------|
|       | <p>for den delen av prosjektet som går fra busstoppene og ned til sjukehuset. Helseforetaket bidrar med 3 mill. kroner.</p> <p>For å gjennomføre prosjektet er det behov for å øke styringsrammen med 8 mill. 2021-kroner til 67 mill. 2021-kroner. Dette skal da finansieres innenfor rammen av bypakken. I tillegg kommer bidraget på 3 mill. kroner fra helseforetaket, slik at total kostnad for utbyggingen blir 70 mill. 2021-kroner.</p> <p><u>Vedtak:</u><br/>Styringsgruppen vedtar at styringsrammen for nytt kollektivpunkt på Åse økes med 8 mill.kr. Inndekning skjer ved at statens del av prosjekter under sekkeposten for kollektiv, sykkel, gange og TS, reduseres tilsvarende.</p> <p>Styringsgruppen gir sin tilslutning til at det jobbes videre med prosjektet med tilbudsutlysning i mars/april.</p> <p>Prosjektet vil komme tilbake til styringsgruppen med oppdatert kostnadsoverslag for å få klarsignal før utlysning, iht. til rutinen for alle prosjekt.</p>  |                |
| 3     | <p><u>Budsjett for 2022 og handlingsprogram for 2022–2025.</u></p> <p>Nils Inge Romarheim presenterte forslag til budsjett for 2022 og handlingsprogram for 2022–2025. Budsjett og handlingsprogram er utarbeidd med utgangspunkt i vedtatt utbyggingsplan og viser aktiviteten og prioriteringane i bypakka. Det er gjort nokre endringar frå utbyggingsplan som følgje av tilgang på finansiering i oppstartsfasen og justeringar av framdrift på nokre prosjekt.</p> <p>For prosjektet busslommer Moa ønskjer ein å søkje om tilskotsmidlar. Behovet er 10 mill. kroner i 2022 og 5 mill. kroner i 2023, og ein vil om mogleg søkje om tilskot for heile behovet.</p> <p>Styringsgruppa var positive til å søkje om tilskotsmidlar, og ynskte at ein også jobba fram fleire prosjekt som kunne være aktuell for tilskotsordninga.</p> <p><u>Vedtak:</u><br/>Styringsgruppa sluttar seg til at Bypakke Ålesund søkjer om tilskotsmidlar frå tilskotsordninga for mindre byområde, til prosjektet Busstopp Moa. Om ein ikkje skulle få tilskotsmidlar vert</p> |                |

| Punkt | Sak   | Ansvar / Frist |
|-------|---|----------------|
|       | <p>prosjektet finansierast gjennom post 7 Sykkel, gange, kollektiv og TS.</p> <p>Styringsgruppa vedtek budsjettet for Bypakke Ålesund slik det går fram av dokumentet Bypakke Ålesund – Budsjett 2022.</p> <p>Styringsgruppa vedtek handlingsprogrammet 2022–2025 for Bypakke Ålesund slik det går fram av dokumentet Bypakke Ålesund – Handlingsprogram 2022–2025.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Handlingsprogrammet vert oppdatert på følgjande poster: <ul style="list-style-type: none"> <li>o Styringsramme for kollektivknutepunkt Ålesund sjukehus vert justert i tråd med vedtak i sak 2. Inndekning skjer ved at staten sin del av prosjekt under sekkeposten for kollektiv, sykkel, gange og TS, vert redusert tilsvarande.</li> <li>o På post 11 vert 12,6 mill. kroner i bompengemidlar omprioritert frå stat til kommune.</li> </ul> </li> </ul>  |                |
| 4     | <p><u>Orientering om takstsøknad.</u></p> <p>Vegamot ved Marius Maske orienterte om takstsøknad for Bypakke Ålesund. Det er Vegamot som er ansvarleg for søknad til takstmyndighet – Statens vegvesen ved Vegdirektoratet. Søknad vert send på takstar som låg i stortingsproposisjonen for pakka.</p> <p><u>Innkrevjingsstart og praksis ved framtidig takstendringar.</u></p> <p>Nils Inge Romarheim orienterte om framdrifta for arbeidet med bomstasjonane. Sekretariatet foreslo to moglege alternativ for oppstart av innkrevjing:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Så snart bomstasjonane står ferdige og ein er klar til oppstart. Dette vil truleg vere i juni.</li> <li>2. Oppstart av innkrevjing i august rundt skulestart. Då har ein klar forbetringar i kollektivsystemet som kan gje større varig overgang av passasjerar til kollektivtilbodet.</li> </ol> <p>Styringsgruppa får ein ny sak om innkrevjingsstart når ein ser korleis framdrifta for bygging av bomstasjonane utviklar seg og detaljane om prosjektet for endring av bussrutene er utgreidd.</p> <p>Forslag til endringar i grunntakstane må ha politisk tilslutning frå Møre og Romsdal fylkeskommune og Ålesund kommune. Om ein skal ha årleg behandling i fylkesting og kommunestyre, vil ein ved avvik frå fastsett gjennomsnittstakst heile tida liggje på etterskot.</p> |                |

| Punkt | Sak   | Ansvar / Frist |
|-------|---|----------------|
|       | <p>For å gjere prosessen meir smidig ynskjer ein derfor ei tilslutning frå fylkestinget og kommunestyret om at Vegamot etter ein årleg evaluering av økonomien i prosjektet, vert gjeven fullmakt til å sende søknad til Vegdirektoratet om endring av takstar.</p> <p><u>Vedtak:</u><br/>Styringsgruppa vedtek at det vert arbeidd med å leggje fram ein sak for Ålesund kommunestyre og fylkestinget for Møre og Romsdal, om praksis ved framtidige takstendringar for Bypakke Ålesund. I saka vert det lagt opp til at bompengeselskapet Vegamot vert gjeven fullmakt til å sende søknad om takstvedtak til Vegdirektoratet ut frå å oppretthalde ein gjennomsnittstakst mest mogleg lik konsumprisjustert gjennomsnittstakst fastsett av Stortinget i bompengeproposisjonen for bypakka.</p>  |                |
| 5     | <p><u>Korleis skal Bypakke Ålesund bruke sosiale media?</u></p> <p>Sunniva Ullavik Erstad orienterte om reaksjonar på sosiale media i etterkant av omtale om bompengoppstart i lokale media. Det har vore eit stort engasjement og det har gått med mykje tid til å svare ut spørsmål og oppdatere nettside.</p> <p>Skal BP Ålesund ha eiga side på Facebook? Erstad la fram ei vurdering som peika på fordelar med og risiko knytt til å ha ei eiga side. Sekretariatet anbefalte at bypakka opprettar ei slik side, av di fordelane kan ha stor betydning for måloppnåing i bypakka, samstundes som ein kan handtere og førebyggje identifisert risiko.</p> <p><u>Vedtak:</u><br/>Styringsgruppa vedtek at Bypakke Ålesund skal opprette ei eiga side på Facebook. Sida skal administrerast av kommunikasjonsrådgivar i Bypakke Ålesund (tilsett i Ålesund kommune), med støtte frå kommunikasjonsrådgivarar i Statens vegvesen og Møre og Romsdal fylkeskommune. Dei tre partane skal bidra med oppdateringar frå prosjekt og fagleg kompetanse.</p> |                |
| 6     | <p><u>Eventuelt.</u></p> <p>Nytt møte i styringsgruppa vart fastsett til 11. mars kl. 12–14.</p>  |                |

# Budsjett 2022 og handlingsprogram 2022-2025

Styringsgruppemøte 28. januar 2022

Nils Inge Romarheim - Sekretariatet

# Om budsjettet og handlingsprogrammet














- Viser aktiviteten og prioriteringane i Bypakka
- Utarbeidd med utgangspunkt i vedtatt utbyggingsplan
  - Nokre endringar
    - Tilgang på finansiering i oppstartsfasen.
    - Nokre justeringar på framdrift.
- Fireårig handlingsprogram ein del av porteføljestyringa
  - Årleg rullering -> Kan korrigere framdrift og endre prioritering.
- Sett opp i samsvar med krava i bompengeproposisjonen.
  - Økonomisk ramme for bypakka.
  - 20 prosent lokal eigenandel.

# Budsjett 2022

- Søknad om tilskotsmidlar til prosjektet Busslommer Moa.
  - Statleg prosjekt med ramme på 15 mill. kr – fordelt på 10 mill. i 2022 og 5 mill. i 2023.
    - Søkjer tilskot for heile ramma på 15 mill. kr
  - Om ein ikkje får tilskot, må det som står att finansierast av sekkeposten.
    - Strakstiltak kollektiv pluss evt. reserve for bypakka.
- Post 11 Bomstasjonar - delt mellom Statens vegvesen og Vegamot.
  - Arbeidet vert utført i 2022, men i hovudsak finansiert i 2023 og seinare gjennom leasingkontrakt.
  - Beløpet ført opp i år er ein noverdi av investeringane for Vegamot. Altså vert dette beløpet ikkje rekvirert som bompengar.

# BYPAKKE ÅLESUND

## Budsjett 2022

| Prosjekt  | Finans. | Budsjett 2022 |             |       | Prognose 2022 |             |       |
|---|---------|---------------|-------------|-------|---------------|-------------|-------|
|   |         | Egen-finans.  | Bom         | Sum   | Egen-finans.  | Bom         | Sum   |
| Stat  | S       | 139,0         | 87,3        | 226,3 | 109,5         |             | 109,5 |
| Fylkeskommune   | F       | 1,6           | 28,6        | 30,2  | 1,6           | 28,6        | 30,2  |
| Kommune   | K       | 23,7          |             | 23,7  | 23,7          |             | 23,7  |
| Sum   | SFK     | 164,3         | 115,9       | 280,1 | 134,7         | 28,6        | 163,3 |
| 1 E136 Brosundbro, Waterfront/Posthuskrysset  | S       |               |             |       | 7,0           |             | 7,0   |
|  - Fylkeskommune   | F       | <b>-0,3</b>   | <b>4,1</b>  | 3,8   | <b>-0,3</b>   | <b>4,1</b>  | 3,8   |
|  - Kommune         | K       | <b>3,8</b>    |             | 3,8   | <b>3,8</b>    |             | 3,8   |
| 2 Kollektivknutepunkt i sentrum - Keiser Wilhelmsgt.  | FK      | 3,4           | 4,1         | 7,5   | 3,5           | 4,1         | 7,5   |
| 3 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjuke hus   | S       | 9,0           |             | 9,0   | 16,0          |             | 16,0  |
|  - Stat            | S       |               |             |       | <b>0,5</b>    |             | 0,5   |
|  - Fylkeskommune   | F       |               |             |       |               |             |       |
|  - Kommune         | K       |               |             |       |               |             |       |
| 4 Kollektivknutepunkt ved Campus  | SFK     |               |             |       | 0,5           |             | 0,5   |
| 5 E136 Breivika-Lerstad   | S       | 130,0         | 55,0        | 185,0 | 66,0          |             | 66,0  |
| 6 E136 Lerstadtoppen - Campus   | S       |               |             |       | 0,5           |             | 0,5   |
|  - Stat            | S       |               |             |       | <b>10,0</b>   |             | 10,0  |
|  - Fylkeskommune   | F       | <b>1,9</b>    | <b>15,9</b> | 17,8  | <b>1,9</b>    | <b>15,9</b> | 17,8  |
|  - Kommune        | K       | <b>9,9</b>    |             | 9,9   | <b>9,9</b>    |             | 9,9   |
| 7 Gang- og sykkelveg, trafikksikkerhet og kollektiv   | SFK     | 11,8          | 15,9        | 27,7  | 21,8          | 15,9        | 37,7  |
|  - Fylkeskommune | F       |               | <b>5,0</b>  | 5,0   |               | <b>5,0</b>  | 5,0   |
|  - Kommune       | K       | <b>3,4</b>    |             | 3,4   | <b>3,4</b>    |             | 3,4   |
| 8 Fv. 60 Blindheim-Flisnes med lokalveger   | FK      | 3,4           | 5,0         | 8,4   | 3,4           | 5,0         | 8,4   |
| 9 E39 Myrland, påkjøringsrampe  | S       |               |             |       |               |             |       |
| 10 Bomstasjoner   | S       |               | 32,3        | 32,3  | 9,5           |             | 9,5   |
|  - Stat          | S       |               |             |       |               |             |       |
|  - Fylkeskommune | F       |               | <b>3,6</b>  | 3,6   |               | <b>3,6</b>  | 3,6   |
|  - Kommune       | K       | <b>6,6</b>    |             | 6,6   | <b>6,6</b>    |             | 6,6   |
| 11 Planlegging og prosjektering   | SFK     | 6,6           | 3,6         | 10,2  | 6,6           | 3,6         | 10,2  |



## Budsjett - Post 7 Gang- og sykkelveg, trafikksikkerhet og kollektiv

| Nr. | Prosjekt prioritert i sekkepost                     | Veg-eier | KO 2022-kr | Budsjett 2022 |
|-----|---|----------|------------|---------------|
| 701 | Strakstiltak eks. sykkelnett - Stat                 | S        | 10,6       |               |
| 701 | Strakstiltak eks. sykkelnett - FK                   | F        |            | 7,0           |
| 701 | Strakstiltak eks. sykkelnett - ÅK                   | K        |            | 1,8           |
| 702 | Sykkelveg ved Volsdalens skole                      | F        | 42,5       |               |
| 704 | Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua                   | F        | 10,6       | 3,0           |
| 731 | Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - Stat | S        | 10,6       |               |
| 731 | Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - FK   | F        |            | 2,0           |
| 731 | Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - ÅK   | K        |            |               |
| 732 | Hessafjordvn-Slinningen med sнопlass                | K        | 26,6       | 4,5           |
| 733 | Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen                  | S        | 26,6       |               |
| 733 | Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen                  | F        |            |               |
| 733 | Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen                  | K        |            |               |
| 734 | Fremkommelighet- Aspøya                             | K        | 10,6       |               |
| 738 | Busstopp på Moa, tiltak for bedre bussavvikling     | S        | 5,3        | 10,0          |
| 761 | TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - Stat  | S        | 10,6       |               |
| 761 | TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - FK    | F        |            | 5,8           |
| 761 | TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - ÅK    | K        |            | 3,6           |
| 762 | Fortau Ytre Hessen(fra skolen)                      | K        | 15,9       |               |
| 763 | Undergang på Bjørge, FV107-Ellingsøy                | F        | 21,3       |               |
| 765 | TS-tiltak skoleveg Aspøy skole og sentrum           | K        | 2,9        |               |
| 766 | Skoleveg-Skarbgt-Hessaskaret                        | F        | 4,3        |               |
|     | Sum   |          | 198,5      | 37,7          |

## Budsjett - Post 11 Planlegging og prosjektering

| Nr. | Planlegging knytt til prosjekt                              | Finans. | Budsjett<br>2022 |
|-----|---|---------|------------------|
|     | Fylkeskommune   | F       | 3,60             |
|     | Kommune   | K       | 6,58             |
|     |   | Sum     | 10,18            |
| 112 | Kommunikasjon   | K       | 2,57             |
| 113 | Planlegging av sykkeltiltak - Kommune                       | K       | 0,60             |
| 114 | Planlegging av kollektivtiltak - Kommune                    | K       | 0,70             |
| 701 | Strakstiltak eks. sykkelnett - Fylkeskommune                | F       | 0,60             |
| 701 | Strakstiltak eks. sykkelnett - Kommune                      | K       | 0,20             |
| 702 | Sykkelveg ved Volsdalenskole                                | F       | 0,60             |
| 703 | Sykkelveg/felt Volsdalen til sentrum                        | F       | 0,20             |
| 704 | Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua                           | F       | 1,00             |
| 733 | Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen                          | F       | 0,20             |
| 733 | Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen                          | K       | 0,20             |
| 734 | Fremkommelighet- Aspøya                                     | F       | 0,20             |
| 734 | Fremkommelighet- Aspøya                                     | K       | 0,20             |
| 761 | TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - Fylkeskommune | F       | 0,60             |
| 761 | TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - Kommune       | K       | 0,36             |
| 762 | Fortau Ytre Hessen(fra skolen)                              | K       | 1,50             |
| 764 | Myrlandsvn fortau, del 1                                    | K       | 0,25             |
| 767 | Fortau -skolevg Hatlane, Fv399 Bvn                          | F       | 0,20             |
|     | Sum   |         | 10,18            |

# Handlingsprogram 2022-2025

- Post 11 Planlegging og prosjektering.
  - I HP har ein omfordelt 12,6 mill. kr i bompengemidler frå stat til kommune.
    - Opprinneleg delt likt på partane.
      - Fleire kommunale og fylkeskommunale prosjekt.
      - Kommunen har tatt ansvaret for kommunikasjonsarbeidet i sekretariatet.
    - Mindre reduksjon i lokal eigenandel.
- Sykkelveg Tonningsgt.-Steinvågbrua.
  - Sannsynlegvis nødvendig med ny styringsramme. Kjem tilbake når nytt kostnadsoverslag er klart.

# BYPAKKE ÅLESUND

## Handlingsprogram 2022-2025

2022-kroner

| Proj. ID  | Prosjekt   | Veg-eier | Bygg-herre | Gjeldende styrings-ramme | Budsjett 2022 | HP 2023      | HP 2024        | HP 2025        | Prognose 2022 |
|-----------|--|----------|------------|--------------------------|---------------|--------------|----------------|----------------|---------------|
| <b>1</b>  | <b>E136 Brosundbro, Waterfront/Posthuskrysset</b>                      | S        | S          | <b>305,1</b>             |               | 92,9         | 60,5           | 10,2           | <b>7,0</b>    |
| <b>2</b>  | <b>Kollektivknutepunkt i sentrum - Keiser Wilhelmsgt. og Korsegata</b> | FK       | F          | <b>85,1</b>              | 7,5           | 50,6         | 25,1           |                | <b>7,5</b>    |
| <b>3</b>  | <b>Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus</b>                        | S        | S          | <b>60,6</b>              | 9,0           | 50,7         |                |                | <b>16,0</b>   |
| <b>4</b>  | <b>Kollektivknutepunkt ved Campus</b>                                  | SFK      | S          | <b>278,6</b>             |               | 12,0         | 71,1           | 133,4          | <b>0,5</b>    |
| <b>5</b>  | <b>E136 Breivika-Lerstad</b>   | S        | S          | <b>2 136,0</b>           | 185,0         | 109,2        | 666,0          | 666,3          | <b>66,0</b>   |
| <b>6</b>  | <b>E136 Lerstadtoppen - Campus</b>                                     | S        | S          | <b>471,0</b>             |               | 4,6          | 30,8           | 117,7          | <b>0,5</b>    |
| <b>7</b>  | <b>Gang- og sykkelveg, trafikkisikkerhet og kollektiv</b>              | SFK      | SFK        | <b>297,7</b>             | 27,7          | 41,5         | 62,6           | 40,5           | <b>37,7</b>   |
| <b>8</b>  | <b>Fv. 60 Blindheim-Flisnes med lokalveger</b>                         | FK       | F          | <b>336,0</b>             | 8,4           | 26,8         | 120,0          | 158,0          | <b>8,4</b>    |
| <b>9</b>  | <b>E39 Myrland, påkjøringsrampe</b>                                    | S        | S          | <b>53,2</b>              |               |              |                |                |               |
| <b>10</b> | <b>Bomstasjoner</b>  | S        | S          | <b>42,5</b>              | 32,3          | 9,5          |                |                | <b>9,5</b>    |
| <b>11</b> | <b>Planlegging og prosjektering</b>                                    | -        | -          | <b>53,2</b>              | 10,2          | 9,1          | 7,1            | 6,7            | <b>10,2</b>   |
|           |  |          |            | <b>4 118,8</b>           | <b>280,1</b>  | <b>406,8</b> | <b>1 043,2</b> | <b>1 132,8</b> | <b>163,3</b>  |

**Handlingsprogram - Post 7 Gang- og sykkelveg, trafiksikkerhet og kollektiv**

2022-kroner

| Nr. | Prosjekt prioritert i sekkepost                     | Veg-eier | KO 2022-kr | Budsjett 2022 | HP 2023 | HP 2024 | HP 2025 |
|-----|---|----------|------------|---------------|---------|---------|---------|
| 701 | Strakstiltak eks. sykkelnett - Stat                 | S        | 10,6       |               |         |         |         |
| 701 | Strakstiltak eks. sykkelnett - FK                   | F        |            | 7,0           |         |         |         |
| 701 | Strakstiltak eks. sykkelnett - ÅK                   | K        |            | 1,8           |         |         |         |
| 702 | Sykkelveg ved Volsdalenskole                        | F        | 42,5       |               | 4,0     | 15,5    | 23,0    |
| 704 | Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua                   | F        | 10,6       | 3,0           | 11,5    |         |         |
| 731 | Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - Stat | S        | 10,6       |               |         |         |         |
| 731 | Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - FK   | F        |            | 2,0           |         |         |         |
| 731 | Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - ÅK   | K        |            |               |         |         |         |
| 732 | Hessafjordvn-Slinningen med snuplass                | K        | 26,6       | 4,5           |         |         |         |
| 733 | Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen                  | S        | 26,6       |               |         | 5,0     | 3,9     |
| 733 | Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen                  | F        |            |               | 2,0     | 3,0     | 3,9     |
| 733 | Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen                  | K        |            |               | 2,0     | 3,0     | 3,8     |
| 734 | Fremkommelighet- Aspøya                             | K        | 10,6       |               | 5,3     | 5,3     |         |
| 738 | Busstopp på Moa, tiltak for bedre bussavvikling     | S        | 5,3        | 10,0          | 5,0     |         |         |
| 761 | TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - Stat  | S        | 10,6       |               |         |         |         |
| 761 | TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - FK    | F        |            | 5,8           |         |         |         |
| 761 | TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - ÅK    | K        |            | 3,6           |         |         |         |
| 762 | Fortau Ytre Hessen(fra skolen)                      | K        | 15,9       |               | 7,5     | 13,5    |         |
| 763 | Undergang på Bjørge, FV107-Ellingsøy                | F        | 21,3       |               | 2,0     | 13,3    | 6,0     |
| 765 | TS-tiltak skoleveg Aspøy skole og sentrum           | K        | 2,9        |               |         | 4,0     |         |
| 766 | Skoleveg-Skarbgt-Hessaskaret                        | F        | 4,3        |               | 2,3     |         |         |
|     | Sum   |          | 198,5      | 37,7          | 41,5    | 62,6    | 40,5    |

# Forslag til vedtak

- Styringsgruppa sluttar seg til at Bypakke Ålesund søker om tilskotsmidlar frå tilskotsordninga for mindre byområde, til prosjektet Busstopp Moa. Om ein ikkje skulle få tilskotsmidlar vert prosjektet finansierast gjennom post 7 Sykkel, gange, kollektiv og TS.
- Styringsgruppa vedtek budsjettet for Bypakke Ålesund slik det går fram av dokumentet Bypakke Ålesund – Budsjett 2022.
- Styringsgruppa vedtek handlingsprogrammet 2022-2025 for Bypakke Ålesund slik det går fram av dokumentet Bypakke Ålesund – Handlingsprogram 2022-2025.
  - Justert for endring i styringsramme for kollektivknutepunkt Ålesund sjukehus?
  - Post 11 – Omfordeling av 12,6 mill. kr i bompengemidler frå stat til kommune?
    - Oppdaterer tabell i vedlegg til HP.



# Bypakke Ålesund Takster

Møte i styringsgruppen

28.01.2022



# Takster i bompengeprojekt

- Bompengeskjevning er regulert gjennom omfattende avtale- og regelverk
- Viktigst ved takstfastsettelse:
  - Statens vegvesens Veileder for bompengeprojekt
  - Takstretningslinjer for bompengeprojekt på offentlig veg
- Statens vegvesen er takstmyndighet
- Vegamot er ansvarlig for å søke om fastsettelse og endringer





# Fastsettelse av takst ved innkrevingsstart

- Veilederen punkt 6.5.1
  - I takstvedtak for bompengepakker med parallellinnkreving benyttes den gjennomsnittstaksten som lå til grunn for stortingets behandling av saken.
- Proposisjonen ble behandlet i 2021, derfor ingen KPI-justering
- Ikke grunnlag for å vurdere andel elbil
- Søknad sendes på følgende takster:

| Bomstasjon | Takstgruppe 1 | Takstgruppe 2 |
|------------|---------------|---------------|
| Alle       | Kr 26         | Kr 52         |

Takstgruppe 1: Kjøretøy med tillatt totalvekt til og med 3500 kg, samt alle kjøretøy uavhengig av vekt i kjøretøykategori M1.

Takstgruppe 2: Kjøretøy med tillatt totalvekt fra og med 3501 kg, unntatt kjøretøy som er registrert i kjøretøykategori M1.

For at kjøretøy over 3 500 kg i kategori M1 skal inngå i takstgruppe 1, stilles det krav om elektronisk brikke med gyldig avtale.



# Rabatter og fritaksordninger

- Rabattordninger:

- *Alle rabatter betinger bruk av elektronisk brikke og gyldig brikkeavtale.*
- *Kjøretøy i takstgruppe 1 får 20 pst. rabatt av ordinær takst.*
- *Nullutslippskjøretøy i takstklasse 1 får 50 pst. rabatt.*
- *Nullutslippskjøretøy i takstklasse 2 får 100 pst. rabatt.*
- *Nullutslippskjøretøy er fellesbetegnelse for elbiler og hydrogenbiler. Uten elektronisk brikke og gyldig avtale, vil nullutslippskjøretøy bli belastet ordinær takst på lik linje med andre kjøretøy.*
- *Det er timesregel for takstklasse 1 og takstklasse 2. Det belastes kun for én passering pr. kjøretøy innenfor en periode på inntil en time. Det er den første registrerte passeringen i sentralsystemet i løpet av en time som skal belastes trafikanten, uavhengig av takst.*
- *Det er passeringstak på 60 passeringer per kalendermåned for takstklasse 1. Passeringstaket er felles for alle bomstasjoner.*

- Fritaksordninger

- *Det gis fritak for betaling av bompenger ifølge enhver tids gjeldende takstretninglinjer. Pr i dag gjelder følgende:*
- *Uniformerte utrykningskjøretøy, samt sivile utrykningskjøretøy i tjenesteoppdrag*
- *Kollektivtransportkjøretøy i konsesjonert rute*
- *I tillegg kan det etter søknad til bompengeselskapet innvilges fritak for forflytningshemmede i bomringer. Fritaket forutsetter framlegg av parkeringstillatelse i henhold til forskrift om parkeringstillatelse for forflytningshemmede.*
- *Alle fritaksordningene forutsetter gyldig avtale og bruk av elektronisk brikke.*



# Takstjusteringer

- Veilederen punkt 6.5.3 Justering i henhold til prisstigning
  - Som hovedregel skal bompengeselskapet årlig vurdere takstene med utgangspunkt i selskapets økonomi og forutsetningene ved stortingsbehandlingen, herunder om konsumprisveksten gir utslag på fastsatt gjennomsnittstakst. Det er bompengeselskapet som søker om prisjustering av gjennomsnittstakst og foreslår fordeling på takstgrupper og eventuelt takstklasser.
  - Grunntakstene skal avrundes til nærmeste hele krone.
  - I bypakker må prisjusteringen ha lokalpolitisk tilslutning før nytt takstvedtak fattes av Vegdirektoratet.
- Veilederen punkt 6.5.4 Justering av grunntakstene i forhold til fastsatt gjennomsnittstakst
  - Økonomien i det enkelte prosjektet [skal] evalueres årlig. I den forbindelse må det vurderes om takstopplegget gir inntekter i tråd med fastsatt gjennomsnittstakst. Ved avvik mellom fastsatt gjennomsnittstakst og den reelle gjennomsnittstaksten kan bompengeselskapet søke om endringer i grunntakstene.
  - Forslag til endringer i grunntakstene må ha tilslutning fra berørte fylkeskommuner og garantister før Vegdirektoratet fatter eventuelt nytt takstvedtak. I bypakker må man i tillegg ha lokalpolitisk tilslutning fra berørte kommuner
- Bypakker kan ikke justere takstene ut over dette.
  - Veilederen punkt 6.5.5: Viser til kapittel 1.6.1 hvor det framkommer at bompengepakker med parallellinnkrevning skal porteføljestyres. Garantier gitt bompengepakker åpner ikke for utvidet innkrevningstid eller å øke fastsatt gjennomsnittstakst med 20 prosent.